

SIM nytt

1/2023

MARS • ÅRGANG 30



SIM

Informasjon frå
Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

Unngå brann

Les meir på side 4.

Vår og tid for rydding

Les meir på side 6.

Ombruk til alle

Frå 1. april i år får alle våre miljøsentralar eit «Godt brukande»-tilbod.

Les meir på side 2 og 3.





Gry Rosvold (t.v) og Rebekka Høgestøl ser fram til å gje «Godt brukande» eit løft.



Løftar «Godt brukande»



1. april endrar SIM på ombrukskonseptet «Godt brukande». Frå den datoen vil det vera eit ombrukstilbod ved alle SIM sine miljøsentralar.

Ombrukskonseptet «Godt brukande» har vore eit tilbod i SIM i mange år, men per i dag er det berre i kommunane Bømlo, Kvinnherad, Stord og Tysnes ein har hatt mulighet til å setje frå seg, og hente ut gratis gjenstandar frå «Godt brukande».

– Tida er moden for å utvikle konseptet hjå oss, seier plan-innkjøp og kommunikasjonsansvarleg i SIM, Janne Hillersøy.

Ho fortel vidare at ombruk er ei viktig brikke for å nå gjenvinningsmål som EU har vedteke og at SIM no vil ta eit meir aktivt grep om sitt konsept.

– Frå me opna den fyrste «Godt brukande» i Kvinnherad har me hatt eit «gratis»-tilbod til våre kundar, men me har heile tida ynskt å løfte dette til eit betre konsept. No gjer me det ved at me innfører betaling for å ta gjenstandar ut, men ikkje for å setje inn. Me meiner at det å synleggjera at alt har ein verdi vil føre til at ein tenkjer seg om både før ein set inn gjenstandar og tek ut, sjølv om den er billig.

Tilbod i alle eigarkommunane

Ho understrekar at SIM ikkje gjer dette for å «tena pengar» på det folk vil kaste.

– Det vert låge prisar på gjenstandane me skal selje. Hovudårsaka for å gjere dette er for å hindre gode gjenstandar frå å bli brent som restavfall.

Ikkje konkurrentar

SIM ser ikkje seg sjølv som ein konkurrent til allereie etablerte ombrukskonsept.

– Årsaka er at me trur at dei som kjem til oss i utgangspunktet har bestemt seg for å levere det til SIM. Anten til «Godt brukande» eller at dei har tenkt å kaste det. Dermed vert me «avfallsreddarar». Kundehandsamarane opplever ofte at gjenstandar som ein kunde kjem og vil kaste heller vert sett inn på «Godt brukande» etter ein prat med dei, fortel ho.

Materiale og maling

I tillegg til vanlege gjenbruksartiklar som nips, bøker og møblar opnar SIM no opp for å ta i mot maling, oljer, vaskemidlar, material o.l. i mindre mengder og i originalemballasje. Hillersøy understrekar at alt som vert kjøpt på «Godt brukande» vert kjøpt på eigen risiko og utan nokon form for garantiar.

Tillit og ansvar

SIM legg opp til at kundane i stor grad sjølv må ta ansvar for betaling av varer som skal leverast til «Godt brukande».

– Me legg opp til betaling med Vipps.

Dersom ein kunde ikkje har Vipps vil det vera mogeleg å betale hjå ein kundehandsamar.

Rydd vinteren vekk

Våren er ryddetid for mange, og miljøsentralane våre er klare til å ta imot ditt avfall!

På miljøsentralen kan du levera alt du ikkje har lov til, eller plass til, å kaste i dunken heime. Kanskje du har pussa opp i løpet av hausten/vinteren? Då vil nok mykje av det du har til overs vera avfall som ikkje kan kastast i dunken.

Det kan vera EE-avfall, farleg avfall, brennbart og ikkje-brennbart restavfall,

tekstilar og klede, gips, alt av metall, papp og papir, trevirke og hageavfall.

Både privatpersonar og mindre verksemdar pliktar å levera farleg avfall til godkjent mottak. Privatpersonar kan levera måling, olje, lim, lakk og andre typar farleg avfall **kostnadsfritt**, verksemdar betalar etter volum (m³)

eller etter vekta på avfallet.

Hugs òg at kasserte elektriske og elektroniske produkt (EE-avfall) òg skal leverast til miljøsentralen, eller til stader som sel tilsvarande produkt.

Det kostar ikkje noko for privatpersonar og levera elektriske produkt.

Unngå brann

Avfall kan ta fyr, både i dunken din heime og på avfallsanlegget. Her er nokre grep du kan gjera for å redusera brannfaren.

EE-avfall og farleg avfall høyrer ikkje heime i dunkar eller konteinera. Alle batteri, uavhengig av kjemisk samansetning, form eller storleik kan forårsake kortslutning og brann.

For å redusera denne faren, er det to enkle hugserreglar:

1. Ikkje kast batteri eller anna EE-avfall i restdunk – lever dei på miljøsentralen eller i butikken der dei er kjøpt. Det er kostnadsfritt og levera slikt avfall.
2. Set ein tapebit over batteripolane etter avslutta bruk. Då unngår du at polar kjem i kontakt dersom du samlar opp fleire batteri i påvente av levering til miljøsentralen, og du reduserer også brannfaren på batteriet si reise frå innsamlingspunkt til gjenvinningsanlegg. Samle gjerne batteria i eit glas med lok.

TIPS TIL VINDSIKRING av papirdunken

(OBS; kan berre nyttast på papirdunken)

Alle våre miljøsentralar har for sal ein slik «lås» for å unngå at loket opnar seg, dersom dunken veltar.



Gjennomsiktig krav

Dei aller fleste avfalls-selskapa i landet har no innført forbod mot ugjennomsiktige sekker på sine miljøsentralar, for å ta ned risikoen for feilsortering. SIM har sidan 2016 oppmoda våre kundar om å bruke gjennomsiktige sekker og i 2021 innførte me forbod mot ugjennomsiktige sekker.

All erfaring viser at terskelen for å kaste miljøfarleg eller brannfarleg avfall i dunkar eller sekker er lågare, dersom du trur du ikkje vert oppdaga. SIM har difor eit krav om levering i gjennomsiktige sekker på våre miljøsentralar. I tillegg gjennomfører me kontrollar av avfallet som vert kasta i dunkane. Farleg avfall eller EE-avfall skal sendast til mottak som har spesialisert seg på destruksjon. I tillegg kan det vera materiale som kan nyttast om igjen, særleg i EE-avfallet.

Kjelde til brannar

Batteri, mobiltelefonar, sparkesyklar, pc'ar, gassflasker og farleg avfall. Lista er lang over produkt som er potensielle brannfeller dersom du kastar det i restavfallsdunken, på miljøsentralen i feil konteinar eller andre stader det ikkje høyrer heime.

Kvifor?

- Når slikt avfall vert komprimert, kneppa eller pressa saman, kan det skape eit trykk som gjer at det tek fyr. Inne i ein renovasjonsbil vert alt avfallet komprimert. Dermed er potensialet for brann stor, dersom EE-avfall hamnar i dunken din.
- Gjenstanden du kastar i restavfallet kan ha ein skade, og dermed kan dei elektriske komponentane sjølvantenne.

Det er ikkje SIM, kommunen eller andre som kan hindre at slikt avfall kjem på avveie. SIM og andre aktørar i bransjen kan leggje til rette for at me oppdagar



Berre gjennomsiktige sekker er godkjent for levering på våre miljøsentralar.

avviket, ETTER at det er kasta feil. Og det kan vera vanskeleg. Det er du som forbrukar som har ansvar for at ditt avfall vert levert på rett stad.



Ryddeaksjonar i SIM

Alle som vil rydda herrelaust avfall i SIM sitt område får utdelt sekker som dei etter rydding får levera kostnadsfritt på ein av våre miljøsentralar. Kravet er at ein må melde seg på via vår nettside. Etter påmelding får du tilbakemelding om aksjonen er godkjent og du kan hente og levere sekker på ein av våre miljøsentralar.

Logg deg inn på sim.as, du finn påmeldingsskjema under **Meny** › **Ryddeaksjonar**

Kven kan vera med?

Alle som ynskjer å rydda område andre ikkje har plikt til å rydda etter forureiningslova. SIM set som krav at det vert oppført ein vaksen kontaktperson som står ansvarleg for ryddinga.

Kven kan IKKJE vera med?

- Offentlege etatar, medrekna alle kommunale einingar
- Næringsverksemdar
- Arrangør av tilstelling

Døme på område som kan ryddast

- Strender som kommunen/ friluftsråd ikkje har ryddeavtale for
- Buområde
- Nærområde
- Turstigar
- Skogsteigar

Kva kan kastast i sekkene?

Vanleg hushaldsavfall.

Kva skal ikkje i sekkene?

Grovavfall, farleg avfall og elektrisk- og elektronisk avfall (EE) skal IKKJE i sekkene, men leverast til miljøsentralen på vanlege vilkår. Sjå www.sim.as for informasjon om farleg avfall og EE-avfall.

Kva seier forureiningslova om ryddeansvar?

Eit av hovudprinsippa i forureiningslova er at det er den som produserer avfallet som skal betala for avfallsbehandlninga. Lova slår vidare fast at det er vegeigar som har ansvar for rydding langs veg. Den som driv daglegvarehandel, kiosk, bensinstasjon eller liknande skal setja opp boskorgar på sitt område, sørgja for at dei vert tømde og elles halda området ryddig. Arrangør av tilstelling eller stemne skal sørgja for opprydding etter arrangementet.

Dersom ikkje andre eigarar/etatar har ansvar for det, skal kommunen setja opp boskorgar på utfartsstader og andre sterkt besøkte offentlege stader. Den som har ansvar for å setja opp boskorgene, skal også tømme dei og sørgja for at området er ryddig.

Usikker?

Dersom du er usikker på om ditt tiltak kjem inn under retningslinene for ryddeaksjonen, ta kontakt med SIM.



Usikker?

Dersom du er usikker på om ditt tiltak kjem inn under retningslinene for ryddeaksjonen, ta kontakt med SIM.

Strandryddestøtte

Det er òg mogeleg å søkje om støtte til strandrydding. SIM har 300 000 kroner til utdeling kvart år. Desse er øyremerka lag og organisasjonar som rydde strender i ein av SIM sin eigarkommunar.

Krav til den som søkjer strandryddestøtte:

- Støtta vert gitt til foreningar og lag som ryddar strandsona i ein av SIM-kommunane.
- Midlane vert delt ut fortløpande og varer til «potten» er tom.
- Det er satt av 300 000 kr til formålet og støtta er 100 kr pr. full sekk med strandryddeavfall levert ein av våre miljøsentralar.
- Påmeldte foreningar/lag har 3 månader frå godkjent ryddedag til ferdig rydding og innsendt dokumentasjon for og få utbetaling.
- SIM har satt ei maksgrænse på 15 000 kr pr. lag. Forsinka eller manglande dokumentasjon gjev ingen støtte.
- Laget/foreininga må ta bilete av området før rydding og etter rydding.
- Laget/foreininga lyt sjølv forsikre seg om at antal sekker/kg innlevert vert registrert og godkjent ved levering på miljøsentralen.
- Det er laget/foreininga sitt ansvar å sende inn rett dokumentasjon innan fristen. SIM har ikkje kapasitet til å etterlyse manglande dokumentasjon.

Refusjon for næringslivet

Frå 1.1.2023 starta SIM ei 2-årig prøveordning for næringslivet i Sunnhordland. Ordninga går ut på at ein kan søkje støtte til levering av marint avfall.

Vilkår for å søkje refusjon:

1. Den totale potten for støtte som ein kan søkje av er avgrensa til 100 000,- pr. år, fordelt på søkjarane, dersom det er fleire.
2. Det er berre verksemdar som har hovudsete i Sunnhordland som kan søkje.
3. Det er berre verksemdar som har rydding av marint avfall som hovudaktivitet, som kan søkje.
4. Ordninga er avgrensa til avfall som er rydda i eigarkommunane til SIM. Avfallet skal sorterast ved levering.
5. Ordninga gjeld alle typar av eigarlaust marint avfall, som ein har ordning for å kunne ta i mot på miljøsentralane.
6. Det skal søkjast om refusjon på etterskot, mot kvittering på betaling for innlevert avfall.
7. Det må leggjast ved ein omtale av kva område som er rydda, samt biletdokumentasjon av ryddinga

Årleg søknadsfrist er 1. november.

SENDAR:

Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS
Meatjønnsvegen 43
N-5412 Stord

OFFENTLEG INFORMASJON

Kompostjord og plenblanding til hagen

Kompostjord og plenblanding kan heile året kjøpast på SIM sine miljøsentralar, med atterhald om at me kan gå tom i periodar.

Kompostjorda kan nyttast på jordbruksareal, i parkar og private hagar, men bør blandast med anna mold før planting. Plenblandinga, derimot, kan du så direkte i utan å blanda inn anna jord. Den består av halvt om halvt med kompostjord og sand.

Prisen er kr. 450 for ein liten tilhengjar. Kunden må sjølv ha med tilhengjar.

Næringsverksemdar som ynskjer å kjøpe kompostjord eller plenblanding lyt gjera dette i Svartasmoget, Fitjar.



SIM har for sal framifrå kompostjord og plenblanding på alle sine miljøsentralar.

Representantskapsmøte

Representantskapet er øvste organ i SIM, og det er sett saman av 23 medlemmer, delt på dei sju eigarkommunane etter folketal. Medlemene kjem saman ein gong kvart år, og i 2023 skal dei møtast fredag 28. april. Saker som skal opp på møtet kan ein få ved å ta kontakt med SIM.

**SIM**

Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

Meatjønnsvegen 43
N-5412 Stord
Telefon: 53 45 78 50

E-post: sim@sim.as
Nettstad: www.sim.as

🕒 OPNINGSTIDER MILJØSENTRALANE*

*Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

AUSTEVOLL, PORSDALEN

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00

Perioden 1. april–30. sept.:
Annankvar laurdag (oddetalsveker)
kl. 09.00-14.00.

Perioden 1. okt.–31. mars.:
Siste laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

BØMLO, HOLLUNSDALEN

Måndag og onsdag kl. 11.00-18.00
Tysdag og torsdag kl. 09.00-16.00

Perioden 1. april–30. sept.:
Annankvar laurdag (oddetalsveker)
kl. 09.00-14.00

Perioden 1. okt.–31. mars:
Siste laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

FITJAR, SVARTASMOGET

Måndag kl. 10.00-18.00

KVINNHERAD, HUSNES INDUSTRIOMRÅDE

Måndag, onsdag og torsdag kl. 12.00-18.00.
Tysdag kl. 09.00-14.00

Perioden 1. april–30. sept.:
Annankvar laurdag (partalsveker)
kl. 09.00-14.00

Perioden 1. okt.–31. mars:
Første laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

STORD, HEIANE MILJØSENTRAL

Måndag–torsdag kl. 09.00–18.00
Fredag kl. 09.00–15.00
Laurdag kl. 09.00–14.00

SVEIO, SVEIÅSEN

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00

TYSNES, EREDALEN

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00

Perioden 1. april–30. sept.:
Annankvar laurdag (partalsveker)
kl. 09.00-14.00.

Perioden 1. okt.–31. mars:
Siste laurdag i månaden kl. 09.00-14.00